



Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7472 - 14/28164

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
17.12.2014

Gebyr- og betalingsattsar 2015

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 107/14 | Formannskapet | PS | 20.11.2014 |
| 118/14 | Kommunestyret | PS | 11.12.2014 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------|------------|
| Hogne Haugsdal | 14/7472 |

Gebyr- og betalingssatsar 2015

Vedlegg:

Hefte gebyr og betalingssatsar 2015

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingssatsar for 2015 slik det ligg føre i saka. Endringane er gjeldande frå 01.01.2015.

Betalingssatsar for helse- og omsorgstenester er gjeldande frå 01.02.15

Formannskapet - 107/14

FO - behandling:

Framlegg felles (-AP):

Rådmannen sitt framlegg med endring gebyr /betalingssatser 2015

2.2. Institusjon. Makspris institusjon er kr. 33 000,- pr.mnd. i 2015.

Framlegget vart vedteke med 9 røyster (mot AP)

Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster (AP) og fall.

FO - vedtak:

Kommunestyret vedtar gebyr- og betalingssatsar for 2015 slik det ligg føre i saka med endring i pkt.2.2.institusjon. Endringane er gjeldande frå 01.01.2015.

Betalingssatsar for helse- og omsorgstenester er gjeldande frå 01.02.15

Kommunestyret - 118/14

KO - behandling:

Vart lagt fram i møtet(skulle vore i innstillinga frå formannskapet).

Følgjande punkt skal stå under punkt 1.1 Skulefritidsordning og **barnehage:**
Søskenmoderasjon vert gitt når søsken bur saman fast. Søsken må ha same bustadsadresse i kommunen for å kunne få innvilga søskenmoderasjon. Søsken blir definert som heilsøsken, halvsøsken og stesøsken. Lindås kommune definerer det eldste barnet som barn nummer 1 i ei søskenrekke.

Framlegg frå N.Bognøy-Ap

Punkt 2.2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Franlegget frå Ap fekk 6 røyster og fall (alle AP)

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 24 røyster.

KO - vedtak:

Gebyr- og betalingssatsar for 2015 er vedteke slik det ligg føre i saka med endring i pkt 1.1 skulefritidsordning og barnehage og pkt.2.2.institusjon.

Betalingssatsar for helse- og omsorgstenester er gjeldande frå 01.02.15

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn/vurdering:

Dette er den årlege justeringa av gebyr- og betalingssatsar for Lindås kommune. Nytt av året er at alle gebyr- og betalingssatsar er samla i eitt dokument.

Sentrale endringar for 2015:

1) Skulefritidsordning (SFO)

- Søskenmoderasjon gjeld for biologiske søsken som bur fast saman
- Søskenmoderasjon for barn nr 2 er 30% og barn nr 3 og vidare er 50% (Tidligere 40% og

60%). Satsen er justert slik at den er i samsvar med søskenmoderasjon i barnehage (Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar)

2) Barnehage

- Ekstradag utover avtalt tid er auka frå kr 200 til kr 250. Dette fordi prisen har stått på det same i fleire år.

3) Kulturskule

- Timane for dans, drama og kunstfag får same pris som andre ordinære kulturskuletilbod. Det betyr ei auke på nær 30%. Frå kr 2200 til kr 3126 per år. Dette vil gjelde for ca 30 – 40 elevar.

4) Pleie- og omsorgstenester

Lindås kommune har dei siste åra lagt seg på same nivå som Bergen kommune i forhold til eigenbetaling av pleie- og omsorgstenester. No har departementet kome med nye retningslinjer på korleis ein skal rekne ut sjølvkost som grunnlag for eigenbetaling på pleie- og omsorgstenester. Det betyr at det blir vesentlige endringar på eigenbetaling på enkelte tenester. Den største endringa vil kome på makspris per måned på institusjon. I tillegg blir det auke på mattenester og ein nedgang i heimebaserte tenester, praktisk bistand. Viser til vedlagt hefte for konkrete prisar.

5) Vatn, avløp, feiing og renovasjon

- Årsgebyr på vatn er lagt inn med ei auke på 5%. Den vidare utviklinga av årsgebyret vil vere avhengig av til dømes utbyggingsstrategien ein legg opp til på Mongstad. Satsane for renovasjon er vedtatt i styret til NGIR.

6) Byggesak, plan, landbruk og geodata (Teknisk forvaltningsteneste)

- Gebyrregulativet følgjer hovudsakleg felles gebyrmat for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Malen vart vedtatt av Fagstyret i Nordhordland Digitalt 27.09.2013. Gebyr etter delingslova, plan- og bygningslova, matrikkellova og forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg vert generelt auka med 5%.